

## Innkalling til møte i felles programstyre for lektorutdanninga Møte 4 2023

Tidspunkt: 14. juni 2023, kl. 10.00 – 12.00

Møtestad: Langes gate 1-3

### Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

II Godkjenning av protokoll frå møtet 10. mai

III Diverse tilbakemeldingar frå programstyreleiar

### Vedtakssaker

**Sak 32/23**    **Lektorutdanningskonferanse 2024**  
Notat frå lektorsenteret

### Drøftingssaker

**Sak 33/23**    **Budsjettinnspel for 2024**  
Notat frå lektorsenteret

**Sak 34/23**    **Internasjonalisering i lektorutdanninga ved UiB**  
Notat frå lektorsenteret

### Orienteringssaker

**Sak 35/23**    **Redesign**  
Notat frå lektorsenteret

**Sak 36/23**    **Nytt frå praksisutvalet**  
Munnleg orientering frå fagleg praksiskoordinator

**Sak 37/23**    **Rekruttering i lektorutdanninga ved UiB**  
Notat frå lektorsenteret

**Sak 38/23**    **Status programstyremedlemmer**  
Munnleg orientering

**Sak 39/23**    **Eventuelt**

**Sak 32/23      Lektorutdanningskonferanse 2024**

Notat frå lektorsenteret

*Vedtakssak*

## Notat

**Til: Felles programstyre for lektorutdanninga**  
**Møte: 14. juni 2023**

ephorte: 23/206

---

### Tidspunkt og innhald

Det er tidlegare vedteke at lektorutdanningskonferansen skal gå av stabelen i løpet av februar kvart år. Det er gunstig å fastsette dato så snart som råd slik at planlegginga kan starte så tidleg som mogleg. Tidspunkt som spelar inn på setting av dato:

- Vinterferien i Vestland er i veke 8 (19.02 – 23.02) og i veke 9 (26.2 – 01.03), sistnemnde gjeld for Bergen.
- Lærernes dag: 26.01.24
- Fagkritisk dag, 07.03.24

### Tema for konferansen har dei siste par åra har vore:

- 2022: Dekomp, Redesign i lektorutdanninga og Ferdigheter i fagfornyelsen
- 2023: Digital literacy i skole og utdanning og Ulike former for praksis i utdanninga

### I evaluering av lektorutdanningkonferansen 2023 kom det inn følgande forslag til tema for neste års konferanse:

- *Vurdering*
- *Det skjer hele tiden noe innen digitalisering - kanskje fortsettelse*
- *Praksis bør også neste år få plass i programmet. Da nærmer det seg ny modell, og da må skolene og de som jobber på UiB vite hva som kommer med tanke på læringsmål i praksis og innhold. Det er også mulig det kommer nye følgedokumenter med studentene (praksismappe), og denne er det også nyttig at alle involverte parter kjenner til.*

Frå lektorsenteret si side blir det påpeikt at lektorutdanningskonferansen bør fokusere på spørsmål knytte til implementering av ny modell for lektorutdanning hausten 2024.

### Komité

Lektorsenteret står for koordineringa av tre ulike arrangement i lektorutdanninga;

*Lektorutdanningskonferansen* i februar, *Open dag* i februar og *Forskingsdagen* i september.

Arrangementa inneber involvering frå fagmiljøa og felles programstyre har brukt å be fakulteta om å peike ut ein representant kvar til dei ulike komiteane. Det har ofte vore krevjande å få på plass komitémedlemmer i tide, og fagmiljøa opplever at dei stadig får spørsmål om å finne personar som kan stille.

Sidan arrangementa er faste kvart år føreslår lektorsenteret at programleiingane, gjennom dei fakultetsvise programstyrepreressantane, får ansvar for å finne folk til komiteane gjennom året. På denne måten kan arrangementa sjåast i samanheng og ein kan planlegge for komitémedlemmer på ein betre måte. Lektorsenteret vil utarbeide eit dokument som skildrar arrangementa, kva komitéarbeidet vil innebere for det enkelte arrangementet og frist for tilbakemelding. Forslag til frist

er 1. september. Programstyrerepresentantane finn komitémedlemmer for eitt år i gongen og melder til lektorsenteret.

Komiteen for Open dag har i tillegg hatt ein studentrepresentant i frå Fagutvalet for integrert lektorutdanning (FIL) og Lektorutdanningskonferansen har hatt 1-2 representantar i frå ein ungdom- og/eller vidaregåande skule.

Felles programstyre blir bedne om å vedta dato og gi innspel til tema og problemstillingar for neste års lektorutdanningskonferanse. Programstyret blir også bedne om å vedta ny organisering av programkomitear for sette eit tidspunkt for Lektorutdanningskonferansen, Open dag og Forskingsdagen.

#### **Forslag til vedtak:**

- 1) Programstyret vedtek dato for lektorutdanningskonferansen i 2024.
- 2) Programleiingane, gjennom representantane i felles programstyre, har ansvar for å finne komitémedlemmer til Lektorutdanningskonferansen, Open dag og Forskingsdagen for eitt år i gangen. Komitémedlemmene blir meld inn til lektorsenteret innan gitt frist.
- 3) Lektorsenteret inviterer årleg representantar frå fagutvalet for integrert lektorutdanning (FIL) til komité for Open dag og representantar frå skulen til programkomité for Lektorutdanningskonferansen.

**Sak 34/23      Internasjonalisering i lektorutdanninga ved  
UiB**

Notat frå lektorsenteret

*Drøftingssak*

## Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga

Møte: 14. juni 2023

ephorte: 23/206

---

### Bakgrunn

Universitetet i Bergen (UiB) har som målsetting at minst 40% av studentane skal ha eit utvekslingsopphald som ein del av graden sin innan 2022 (UiB strategi 2016 – 2022). For lektorstudentane er det også lovfesta av dei skal kunne ta delar av utdanninga si i utlandet. Under §3 i [Forskrift om rammeplan for lektorutdanning for trinn 8 -13](#) står følgande:

*Lærerutdanningsinstitusjonene skal legge til rette for at studentene får et internasjonalt perspektiv på studiet og lærerarbeidet. Institusjonene skal også legge til rette for at studentene kan ta deler av utdanningen i utlandet, og skal fastsette vilkår for at studentene kan få godkjent oppholdet som del av fagstudiet og av praksisopplæringen.*

### Utvekslingsavtaler og utvekslingssemester

Studentane har ulike avtalar dei kan søke på. Dei kan anten søke på utvekslingsavtalar på fakultet/instituttnivå (ut i frå kva fag dei skal på utveksling i) og som er fagspesifikke. Eller dei kan søke på UiB sine sentrale avtalar, som stort sett gjeld alle fagområde. Det finnes ikkje eigne utvekslingsavtaler for lektorprogramma.

I tillegg kan nokre lektorstudentar reise på kortare utanlandsopphald for å ta enkeltemne, eller delar av enkeltemne, på ulike norske senter, som t.d. i York, Kiel og Athen. Denne type utveksling er ikkje tatt med i talmaterialet i saka.

### *Det humanistiske fakultet (HF)*

HF sine lektorprogram tilbyr utveksling i 4. og 6. semester og studieplanen for desse semestera er:

- 4. semester: Emne i fag 2, innføringsemne (30 stp.)
- 6. semester: Emne i fag 1 (15 stp.), emne i fag 2 (10 stp.) med bacheloroppgåve og fagdidaktikk i fag 1 (5 stp.)  
Undervisninga i didaktikkemnet får studentane digitalt frå UiB.

Før 2014 hadde lektorprogramma ved HF (nordisk og framandspråk) berre utveksling i 6. semester. Etter innføring av ny studieplan/modell i 2014 kom det fram utfordringar med å gjennomføre utveksling berre i 6. semester og HF opna opp for utveksling også i 4. semester.

### *Det samfunnsvitenskapelige fakultet (SV)*

SV tilbyr utveksling berre i 4. semester og studieplanen er lik HF sin:

- 4. semester: Emne i fag 2, innføringsemne (30 stp.)

Dette inneber at lektorstudentane ved SV berre kan reise på utveksling i fag 2, som er eit HF-fag.

### *Det matematisk- naturvitenskapelige fakultet (MN)*

MN tilbyr utveksling hovudsakleg i 6. semester og studieplanane varierer litt ut i frå kva fagkombinasjon dei har. Dei fleste har eit fritt emneval i fag 2 (10 stp.), masterval-emne i fag 1 (10 stp.) i tillegg til ex.phil (10 stp.). Ved utveksling blir ex.phil flytta til anten 4. eller 5. semester og krev justering av utdanningsplanen til den enkelte studenten.

I tillegg tilbyr MN langpraksis i Cape Town, Sør-Afrika i 7. semester (6 plassar).

Utvexlingsstal dei siste 8 åra (sidan 2015)

Tabell 1 viser tal på studentar, per program og kalenderår, som fullførte utvekslingssemester

STUDIEPROGRAM	2015	2016	2017	2018	2019	2020*	2021*	2022**
Historie og religion					2	2		15
Framandspråk	7	9	7	6	19	5	7	16
Nordisk		8	4	4	8	6		13
<b>Total</b>	<b>7</b>	<b>17</b>	<b>11</b>	<b>10</b>	<b>29</b>	<b>13</b>	<b>7</b>	<b>44</b>
Naturvitskap og matematikk	3	2	11	5	5	3		6
<b>Total</b>	<b>3</b>	<b>2</b>	<b>11</b>	<b>5</b>	<b>5</b>	<b>3</b>		<b>6</b>
PRAKSIS Cape Town***	0	4	4	3	4	0	0	4
Sosiologi								0
<b>Total</b>								<b>0</b>
<b>Total</b>	<b>10</b>	<b>19</b>	<b>22</b>	<b>15</b>	<b>34</b>	<b>16</b>	<b>7</b>	<b>51</b>

Kjelde: Tableau

\* Lågare tal pga pandemi. Ein del som reiste ut måtte avbryte

\*\* Høgare tal då mange av dei som var hindra i å reise på utveksling under pandemien i 4. semester, søkte på nytt i 6. semester.

\*\*\* Har lagt til MN sitt langpraksistilbod i Sør Afrika

Tabell 2 viser uteksaminerte studentar, per kalenderår, som har vore på og fullført utveksling

	2015			2016		
	Antall kvalifikasjoner	Antall kvalifikasjoner m utv	Andel kvalifikasjoner med utveksling	Antall kvalifikasjoner	Antall kvalifikasjoner m utv	Andel kvalifikasjoner med utveksling
<b>MAHF-LÆFR</b>	12	8	66,67%	12	3	25,00%
<b>MAHF-LÆHR</b>						
<b>MAHF-LÆNO</b>	6	1	16,67%	11	2	18,18%
<b>MAMN-LÆRE</b>	14	3	21,43%	14	3	21,43%

	2017			2018		
	Antall kvalifikasjoner	Antall kvalifikasjoner m utv	Andel kvalifikasjoner med utveksling	Antall kvalifikasjoner	Antall kvalifikasjoner m utv	Andel kvalifikasjoner med utveksling
<b>MAHF-LÆFR</b>	11	5	45,45%	15	9	60,00%
<b>MAHF-LÆHR</b>						
<b>MAHF-LÆNO</b>	9	0	0,00%	17	5	29,41%
<b>MAMN-LÆRE</b>	19	5	26,32%	14	2	14,29%

	2019			2020		
	Antall kvalifikasjoner	Antall kvalifikasjoner m utv	Andel kvalifikasjoner med utveksling	Antall kvalifikasjoner	Antall kvalifikasjoner m utv	Andel kvalifikasjoner med utveksling
MAHF-LÆFR	16	4	25,00%	18	2	11,11%
MAHF-LÆHR						
MAHF-LÆNO	10	3	30,00%	16	2	12,50%
MAMN-LÆRE	23	9	39,13%	20	3	15,00%

	2021			2022		
	Antall kvalifikasjoner	Antall kvalifikasjoner m utv	Andel kvalifikasjoner med utveksling	Antall kvalifikasjoner	Antall kvalifikasjoner m utv	Andel kvalifikasjoner med utveksling
MAHF-LÆFR	23	7	30,43%	26	13	50,00%
MAHF-LÆHR				19	3	15,79%
MAHF-LÆNO	20	8	40,00%	19	1	5,26%
MAMN-LÆRE	40	5	12,50%	29	3	10,34%

Ut i frå UiB sitt mål om at minst 40% av studentane skal ha eit utvekslingsopphald som ein del av graden sin innan 2022 er tala frå lektorutdanninga tidvis svært bra, særleg for framandspråk. Tala er svært varierende frå år til år og syner ingen tydelege tendensar til korkje forbetring eller forverring. Tala kan likevel ikkje seiast å vere tilfredsstillande i høve UiB si målsetting.

#### Søknader og trekk før avreise

Det er mange som søker seg på utveksling, men som vel å trekke søknaden før utreise. Vedlegg 2 viser tal på søknader, per kalenderår, og kor mange som valde å trekke søknaden før utreise.

Det er vanskeleg å vite akkurat kva som er årsaka til at studenten trekker seg frå utveksling, men erfaringar frå koordinatarar ved fakulteta viser bl.a. følgande:

- Nokre søker på og vert nominert til utvekslingsstader som ikkje har eit godt nok emnetilbod innanfor deira fag. Dette heng saman med at studentar søker utvekslingsstad utan å sjekke først om utvekslingsuniversitetet har eit godt fagtilbod for fagkombinasjon deira.
- Nokre opplever at det er mykje arbeid involvert i å rigge utvekslinga, og konkluderer med at dei må bruke tida og konsentrasjonen sin på emna dei tek her og no.
- Nokre er redde for at de skal stryke på emne i utlandet og bli hengande etter. Dette kan føre til at dei mistar studielånreduksjonen frå Lånekassen. Andre er redde for å få vanskar med opptak til masterdelen pga. av etterslep ved utveksling i 6. semester.

#### Utvekslingssemester og studieprogresjon på dei utreisande

I tal frå fakulteta har me fått oversikt over kva semester studentane har reist på utveksling i og om dei var i rute med utdanningsplanen sin etter opphald. Me har og fått opplysningar om moglege



årsaker til forseinkingar i planen Pga. ein del manuelle uttak har me berre bedt om opplysningar frå 2018, 2019 og 2022.

*Tabell 3 viser kva semester studentane reiste i og om dei var i rute med utdanningsplanen etter utveksling for åra 2018, 2019 og 2022.*

2018		
MAHF-LÆFR	6 i 6. semester	1 var ikkje i rute med utd.plan
MAHF-LÆNO	2 i 4. semester	1 var ikkje i rute med utd.plan
	3 i 6. semester	
MAMN-LÆRE	5 i 6. semester	3 var ikkje i rute med utd.plan
2019		
MAHF-LÆHR	2 i 4. semester	
MAHF-LÆFR	13 i 4. semester	2 var ikkje i rute med utd.plan
	7 i 6. semester	1 var ikkje i rute med utd.plan
MAHF-LÆNO	1 i 4. semester	1 var ikkje i rute med utd.plan
	7 i 6. semester	
MAMN-LÆRE	5 i 6. semester	2 var ikkje i rute med utd.plan
2022		
MAHF-LÆHR	6 i 4. semester	3 var ikkje i rute med utd.plan
	9 i 6. semester	2 var ikkje i rute med utd.plan
MAHF-LÆFR	12 i 4. semester	4 var ikkje i rute med utd.plan
	4 i 6. semester	1 var ikkje i rute med utd.plan
MAHF-LÆNO	1 i 4. semester	
	12 i 6. semester	
MAMN-LÆRE	6 i 6. semester	2 var ikkje i rute med utd.plan

Ved HF var det i 2018 flest som reiste på utveksling i 6. semester (9 av 11). I 2019 var det omtrent likt mellom utreisande i 4. og 6. semester. I 2022 reiste flest på utveksling i 6. semester (25 av 44). Bak 2022-tala er det mange studentar som vart hindra i å reise på utveksling under pandemien i 4. semester og som søkte på nytt i 6. semester.

Det er ulike årsaker til at ein student ikkje er a jour med utdanningsplanen etter utveksling. Nokre av årsakene er gjentakande:

- Ein del studiestader som berre har t.d 6 ECTS-emne kan skape utfordringar. Det kan bli mykje for studenten å følgje opp fem emne, og den ulike emnestorleiken (sett frå vår ståstad) gjer at førehandsgodkjenninga lett kan ryke dersom ein stryk på eitt eller fleire emne. Døme: Stryk ein på eit emne på 6 ECTS kan ein ende opp med å måtte ta opp att eit emne på 10/15 stp. ved UiB.
- Når studenten kjem til utlandet viser det seg at dei ikkje har tilgang eller førsteprioritet til emna dei hadde planlagt å ta.
- Når studenten kjem til utlandet viser det seg at emnekatalogen på nett var utdatert eller at emnet dei hadde planlagt å ta, og fått godkjenning for, er blitt avlyst.
- I nokre tilfelle der studenten ikkje finn alle emna som dei treng godkjenning for, planlegg studenten utreise med eit etterslep etter utvekslinga for å få moglegheit til å reise ut. Nokre

studentar planlegg også å ta færre studiepoeng i utlandet og veit at dei må ta det igjen etter utveksling.

Av dei studentane som er i rute med utdanningsplanen sin etter utveksling kan det ligge ulike tilpassingar bak:

- Nokre studentar har vald ei større studiebelastning i dei føregåande semestera slik at dei kan ta delvis frie studiepoeng i utlandet.
- Nokre studentar har frie studiepoeng tilgjengeleg til utveksling etter innpassing av tidlegare utdanning.
- Nokre BA-emne, særleg SOS202-L, ser ut til å være vanskelege å erstatte i utlandet, og studentar med sosiologi som fag 2 i 6. sem. endar ofte opp med hybride løysningar der dei er 50% fjernstudentar ved UiB.

Utfyllande tabell med stikkord om gjennomføringa og moglege årsaker til forseinking er lagt ved saksinnlegget, vedlegg 2.

### Oppsummering av utveksling i lektorutdanninga

Det er stor interesse for utveksling bland lektorstudentane ved UiB. Det er ei studentgruppe som har det nødvendige engasjementet for å reise ut og ved iherdig innsats er det og mange som reiser ut og gjennomfører utveksling.

Dagens tette organisering av lektorstudiet ved UiB gjer det likevel både krevjande og utfordrande for både studentar, administrative og fagtilsette å legge til rette for studentutveksling med utlandet.

Utfordringane er fleire:

- Den tette studieplanen i lektorutdanninga gir ikkje rom for frie studiepoeng. Dette skapar mindre fleksibilitet i utvekslinga og aukar sjans for få bli liggande etter utdanningsplanen.
- Utvekslingsavtalane til UiB er knytt til fag, og me har ingen tilrettelagde utvekslingsavtalar knytt til lektorprogramma. Difor må studentane sjølve leite fram aktuelle emne, som dei deretter må søke om førehandsgodkjenning for. Ofte blir det fleire søkerundar før ein finn eit emne som blir førehandsgodkjend. Ikkje alle studentane maktar å stå i denne søknadsprosessen og vel å trekke seg før avreise.
- For HF: Ved utveksling i 6. semester er det utfordrande å finne emne i både fag 1, fag 2 og i didaktikk i fag 1, då fleire av utvekslingsavtalane er fagspesifikke. Det er særleg utfordrande å finne erstatning for didaktikkemna i tillegg til enkelte BA-emne som t.d. SOS202-L. Resultatet vert ofte hybride løysingar, som fjernstudent. Erfaringane med det er både gode og ikkje gode.
- For HF/SV: Ved utveksling i 4. semester er det 30 stp. innføringsemne i fag 2 som står i studieplanen. Innføringsemne er ikkje ideelt for utveksling og lektorprogrammet i nordisk tillèt ikkje utveksling for lektorstudentar med nordisk som fag 2 i 4. semester. Som følge av dette har ikkje studentar med sosiologi som fag 1 og nordisk som fag 2 høve til å reise på utveksling i det heile. Studentar som har sosiologi som fag 2 har ofte vanskar med å finne erstatningsemne for MET102 og må ev. ta emnet i tidlegare eller seinare semester.
- For HF/SV: Ulik emnestorleik mellom UiB og enkelte utanlandske studiestader skapar utfordringar for godkjenning i fagmiljøa dersom kvart fagmiljø ser på sitt emne isolert.
- Det ligger som oftast svært mykje arbeid bak dei enkelte utvekslingsprosessane, både for dei prosessane som går bra, og for dei som går mindre bra. Studentar, studierettleiarar, og i

nokre tilfelle fagmiljø, brukar svært mykje tid på å finne erstatningsemne som kan fungere. Nokre prosessar med førehandsgodkjenning varar nesten til studenten er på veg heim att.

Fleire av dagens utfordringar ved utveksling i lektorutdanninga er dei same som kom fram i [Sejersted-rapporten frå 2018](#). Etter at rapporten er skriven har UiB fått enno eit lektorprogram og utfordringane i frå rapporten er på mange måtar blitt forsterka.

Sejersted-rapporten sine forslag til tiltak for å legge betre til rette utveksling for lektorstudentane er som følger:

- *en forenklet studieplan som legger til rette for utveksling*
- *at man i størst mulig grad oppretter tilrettelagte avtaler for utveksling av lektorstudenter med universiteter i utlandet.*

Begge forslag til tiltak er framleis like aktuelle og med tanke på den pågåande redesign-prosessen i lektorutdanninga ligg alt til rette for at punkt 1 kan bli gjennomført. Punkt 2 er både arbeid- og tidkrevjande.

## Tilrettelegging for betre utveksling i lektorutdanninga

### Utveksling i ny modell

I forbindelse med redesign bør det bli lagt til rette for utveksling i den nye modellen. Dersom utveksling skal halde fram i dei same semester som i dag, ser studieplanen for HF/SV og MN slik ut:

#### HF/SV:

- 4. semester: Emne i fag 2 (30 stp.) Innføringsemne i fag 2 er i 3. semester (20 stp)
- 6. semester: Emne i fag 1 (20 stp) og emne i fag 2 (10 stp)

#### MN:

- 6. semester: Disiplinfag (30 stp)

I lys av utfordringane som har kome fram i dagens modell og dersom utveksling skal halde fram i 4. og 6. semester i ny modell, har vi følgjande vurderingar:

#### For HF og SV:

- Det vil ikkje vere didaktikkemne i 6. semester og ein slepp utfordringa med å finne erstatningsemne eller legge til rette for hybride løysingar i emne. Det bør gi opning for at også SV opnar for utveksling i 6. semester.
- Godkjenning av emne i fag 2 i 4. semester treng ikkje bli like utfordrande sidan innføringsemna i fag 2 kjem i 3. semester. Samtidig er det fagleg sett meir problematisk med utveksling i fag II enn i fag I. Det er vidare generelt problematisk dersom eit program med fag I føreset at utvekslinga skal skje i fag II.
- I 7. semester vil det berre vere disiplinfaglege emne, og dette semesteret framstår no som meir ope for utveksling. Det er generelt lettare med utveksling på høgare nivå enn lågare nivå.

#### For HF, SV og MN:

- Fagspesifikke utvekslingsavtalar kan framleis skape utfordringar for utveksling for enkelte fagkombinasjonar i 6. semester.

Dersom det blir ei endring i bachelor-oppgåve frå fag 2 til fag 1 vil dette kunne ha følgjer for prosessar med førehandsgodkjenning av emne ved utveksling i 6. semester.

Forslag til tiltak

#### *Arbeidsgruppe*

Lektorsenteret føreslår at det vert oppretta ei arbeidsgruppe som kan jobbe med forbetringar i utveksling for lektorstudentar. Ei arbeidsgruppe kan:

- Bidra til betre kunnskapsgrunnlag bl.a. gjennom å gå gjennom studentevalueringar og invitere studentar til fokusgruppeintervju for å hauste mest moglege erfaringar frå studentane sjølve, både positive og negative.
- Starte arbeidet med å utarbeide eigne utvekslingsavtalar/pakkar for lektorstudentar.
- Kartlegge prosessen med førehandsgodkjenning av emne og utarbeide forslag til retningsliner for utveksling og godkjenning av emne.
- Gi innspel til felles programstyre om utvekslingsordningar i ny modell.

#### *Fleksibilitet*

Kartlegginga i denne saka tyder på at det er behov for ei meir heilskapleg tilnærming i godkjenninga, tilpassa lektorprogramma. Fleksibilitet i godkjenning av emne er noko som bør bli drøfta i høve både noverande og framtidig studiemodell, og det bør bli utarbeida retningsliner som sikrar fleksibilitet.

#### *Praksis i utlandet*

Per i dag er det berre MN som tilbyr praksis i utlandet, men fleire studentar etterspør det same ved HF og SV. For å ikkje miste studentar til andre institusjonar, som tilbyr dette, er det ønskeleg at dette tilbodet gjeld for fleire lektorprogram. Her har dei ressursmessige sidene ved bl.a. praksisbesøk vore ein konkret stengsel, bl.a. for å utvide praksisordninga i Cape Town. Dei ressursmessige sidene må altså vurderast.

**VEDLEGG 1: SØKNADER OG TREKK FØR AVREISE**

Tabellen syner tal på søknader, per kalenderår, og kor mange som valde å trekke søknaden før utreise

År	Program	Søkt utveksling	Trekk før avreise
2015	MAHF-LÆFR	11	4
	MAMN-LÆRE	4	1
2016	MAHF-LÆFR	10	1
	MAHF-LÆNO	11	3
	MAMN-LÆRE	3	1
2017	MAHF-LÆFR*	8	3
	MAHF-LÆNO	4	4
	MAMN-LÆRE	11	0
2018	MAHF-LÆFR*	10	3
	MAHF-LÆNO	6	2
	MAMN-LÆRE	6	1
2019	MAHF-LÆFR	24	5
	MAHF-LÆHR	2	0
	MAHF-LÆNO	12	4
	MAMN-LÆRE	7	2
2020	MAHF-LÆFR	8	1
	MAHF-LÆHR	3	1
	MAHF-LÆNO	9	3
	MAMN-LÆRE	8	0
2021	MAHF-LÆFR*	8	2
	MAHF-LÆHR	10	10
	MAHF-LÆNO	10	10
	MAMN-LÆRE	0	0
2022	MAHF-LÆFR	24	8
	MAHF-LÆHR	20	5
	MAHF-LÆNO	16	3
	MAMN-LÆRE	8	2
2023	MAHF-LÆFR	18	8
	MAHF-LÆHR	15	9
	MAHF-LÆNO	4	2
	MAMN-LÆRE	6	1
	MASV-LÆSF	9	4

\* tala stemmer ikkje heilt med tal på utreisande i tabell 1

**VEDLEGG 2: GJENNOMFØRING AV UTVEKSLING, TILPASSINGAR OG MOGLEGE ÅRSAKER TIL FORSEINKING**

2018				
Program	Studentar som gjennomførte semesteret i utlandet	Heilt i rute etter opphald (JA/NEI)	Semester for utveksling	Gjennomføring, tilpassingar og moglege årsaker til forseinking
MAHF-LÆHR	0	-	-	
MAHF-LÆFR	1	NEI	10. sem.	Arbeid med FRAN350 og FRANPAX
	2	JA	6. sem.	Utv.emner erstatter HIS250. Øvrige emner i plan tatt i foregående semestre.
	3	JA	6. sem.	
	4	JA	6. sem.	
	5	NEI	6. sem.	Ukjent årsak.
	6	JA	6. sem.	
	7	JA	6. sem.	
MAHF-LÆNO	1	JA	4. sem.	
	2	JA	6. sem.	Utv.emner tilsvarende SPLA257 + frie studiepoeng. NODI201 som fjernstudent. Øvrige emner i plan tatt i foregående semestre.
	3	JA	6. sem.	Utv.emner tilsvarende SPLA257 + frie studiepoeng. NODI201 som fjernstudent. Øvrige emner i plan tatt i foregående semestre.
	4	NEI	4. sem.	Sluttet på programmet etter utv.
	5	JA	6. sem.	Utv. emner tilsvarende ENG263 + frie studiepoeng. NODI201 som fjernstudent. Øvrige emner i plan tatt i foregående semestre.
MAMN-LÆRE	1	NEI	6. sem.	Sannsynligvis pga. problemer med å få plass på emner, interne prioritert først, ikke anbefalt utveksling dit siden (Berkeley)

	2	NEI	6. sem.	Sannsynligvis pga. lite egnet emnetilbud, skulle vært gjort bedre research (Aarhus)
	3	NEI	6. sem.	Sannsynligvis pga. for dårlig info om emnetilbud, men muligens også andre årsaker (Hyderabad)
	4	JA	6. sem.	
	5	JA	6. sem.	
<b>2019</b>				
<b>Program</b>	<b>Studentar som gjennomførte semesteret i utlandet</b>	<b>Heilt i rute etter opphald (JA/NEI)</b>	<b>Semester for utveksling</b>	<b>Gjennomføring, tilpassingar og moglege årsaker til forseinking</b>
MAHF-LÆHR	1	JA	4. sem.	
	2	JA	4. sem.	
MAHF-LÆFR	1	JA	4. sem.	
	2	JA	4. sem.	
	3	JA	6. sem.	
	4	JA	6. sem.	ENGDI201 tatt ved UiB samme semester
	5	JA	4. sem.	
	6	JA	6. sem.	
	7	JA	4. sem.	Utv. tatt som frie studiepoeng. Rom i utd.plan pga. innpassing av tidligere utdanning.
	8	JA	4. sem.	
	9	JA	4. sem.	
	10	JA	4. sem.	Har allerede tatt emner i utd.plan foregående semestre. Fikk innpasset emner tilsvarende 10 stp.-emne i fag 1 (engelsk); resten av utv.emner godkjent som frie studiepoeng.

	11	NEI	6. sem.	Forhåndsgodkjente engelskemner ble likevel ikke godkjent inn i graden, og studenten tok dermed kun emner tilsvarende 10 stp. BA-oppgave i fag 2 (historie) i utlandet. Resten av utv. som frie studiepoeng. (Montpellier).
	12	JA	6. sem.	
	13	JA	4. sem.	
	14	NEI	4. sem.	Tok andre emner enn de som inngikk i forhåndsgodkjenning (fag 2 spansk). Manglende emnetilbud? Fikk innpasset emner tilsvarende 10 stp.-emne i fag 1 (engelsk).
	15	JA	4. sem.	
	16	NEI	4. sem.	To av de forhåndsgodkjene emnene ble avlyst (Krakow)
	17	JA	6. sem.	
	18	JA	6. sem.	
	19	JA	4. sem.	
	20	JA	4. sem.	
MAHF-LÆNO	1	JA	6. sem.	Utv.emner tilsvarende SOS101. SOS202-L og NODI201 som fjernstudent. BA-emne lot seg ikke erstatte (Queensland)
	2	JA	6. sem.	Utv.emner tilsvarende SOS101. SOS202-L og NODI201 som fjernstudent. BA-emne lot seg ikke erstatte (Queensland)
	3	JA	6. sem.	Utv.emner tilsvarende SOS101. SOS202-L og NODI201 som fjernstudent. BA-emne lot seg ikke erstatte (Queensland)
	4	JA	6. sem.	
	5	JA	6. sem.	
	6	JA	6. sem.	
	7	JA	6. sem.	Utv.emner tilsvarende NOSP216. SOS202-L og NODI201 kunne ikke erstattes; tatt som fjernstudium.
	8	NEI	4. sem.	Bestod ett av to emner; droppet ut av programmet etter utv.



MAMN-LÆRE	1	NEI	6. sem.	Ukjent (HKUST). En mulig årsak både i dette tilfellet og i andre tilfeller er at studenter bevisst kutter ut et emne på utveksling og planlegger å ta det på UiB senere, for å kunne nyte utvekslingssemesteret mer.
	2	NEI	6. sem.	Ukjent (HKUST)
	3	JA	6. sem.	
	4	JA	6. sem.	
	5	JA	6. sem.	
<b>2022</b>				
<b>Program</b>	<b>Studentar som gjennomførte semesteret i utlandet</b>	<b>Heilt i rute etter opphald (JA/NEI)</b>	<b>Semester for utveksling</b>	<b>Gjennomføring, tilpassingar og moglege årsaker til forseinking</b>
MAHF-LÆHR	1	NEI	6. sem.	Utveksling som frie studiepoeng; kullflytting i etterkant.
	2	JA	6. sem.	
	3	JA	4. sem.	
	4	JA	6. sem.	
	5	JA	4. sem.	
	6	JA	6. sem.	
	7	NEI	4. sem.	5 av 6 emner bestått (6 ECTS per emne); for mange emner å dekke (Granada)
	8	JA	6. sem.	Har kun erstattet 10 stp.-emne i fag 2 (sosiologi) i utlandet; har tatt HIS203 + HIDID112 ved UiB samme semester. Manglende emnetilbud? (København)
	9	JA	6. sem.	Erstatningsemnet for RELV202 var på kun 10 stp. Etter avtale tok studenten et 5 stp. RELMIN-emne høsten 22.
	10	NEI	4. sem.	2 av 6 emner bestått (6 ECTS per emne); for mange emner å dekke? (Granada)
	11	JA	6. sem.	Har kun erstattet 10 stp.-emne i fag 2 (spansk) i utlandet. Har tatt HIS203 og HDID112 ved UiB samme semester. Manglende emnetilbud? (Malaga)

	12	NEI	4. sem.	3 av 6 emner bestått (6 ECTS per emne); for mange emner å dekke (Amsterdam). Pga. omlegging av engelsk ved UiB og uheldig ECTS-omfang på utv.emner fikk studenten ikke brukt noen av utv.emnene i graden sin, og har måttet ta alt på nytt.
	13	JA	4. sem.	
	14	JA	6. sem.	
	15	NEI	6. sem.	Har kun erstattet 15 stp.-emne i fag 2 (nordisk); tok RELDI112, og skulle ha tatt RELV202, ved UiB samme semester. Manglende emnetilbud? Overgang til annet program ved hjemkomst.
MAHF-LÆFR	1	JA	4. sem.	Sluttet på programmet etter utveksling.
	2	JA	4. sem.	
	3	NEI	6. sem.	Kullflyttet pga. sykdom. Har ikke søkt om innpassing av utv.emner; ønsket å ta UiB-emnene som opprinnelig lå i utd.plan.
	4	JA	6. sem.	
	5	NEI	4. sem.	4 av 6 emner bestått (6 ECTS per emne); for mange emner å dekke? (Granada)
	6	JA	4. sem.	
	7	JA	4. sem.	
	8	NEI	4. sem.	Søkte kun om forhåndsgodkjenning for emner tilsvarende HIS115. Manglende emnetilbud? (Granada) HIS101 og HIS102 er tatt i påfølgende semestre.
	9	JA	4. sem.	Tatt MET102 foregående semester. Forhåndsgodkjenning for utv.emner tilsvarende SOS101. Beståtte utv.emner, men har ikke søkt om innpassing. Eksamen i SOS101 ved UiB samme semester.
	10	JA	6. sem.	
	11	JA	4. sem.	
	12	JA	4. sem.	
	13	JA	4. sem.	Utv. tatt som frie studiepoeng; rom i utd.plan pga. innpassing av tidligere utdanning.
	14	JA	6. sem.	

	15	NEI	4. sem.	3 av 6 emner bestått (6 ECTS per emne); for mange emner å dekke? (Granada)
	16	NEI	4. sem.	Ukjent årsak: Ingen utv.emner bestått. (Bellaterra/Barcelona)
MAHF-LÆNO	1	JA	6. sem.	NODI201 som fjernstudent.
	2	JA	6. sem.	NODI201 som fjernstudent.
	3	JA	6. sem.	NODI201 som fjernstudent.
	4	JA	6. sem.	NODI201 som fjernstudent.
	5	JA	6. sem.	NODI201 som fjernstudent.
	6	JA	6. sem.	NODI201 som fjernstudent.
	7	JA	6. sem.	NODI201 som fjernstudent.
	8	JA	6. sem.	NODI201 som fjernstudent.
	9	JA	4. sem.	
	10	JA	6. sem.	Utv.emner erstattet NOLI216. SOS202-L og NODI201 som fjernstudent.
	11	JA	6. sem.	NODI201 som fjernstudent.
	12	JA	6. sem.	Utv.emner erstattet NOLI216. SOS202-L og NODI201 som fjernstudent.
	13	JA	6. sem.	NODI201 som fjernstudent.
MAMN-LÆRE	1	NEI	6. sem.	Muligens for krevende emne (Manoa). Muligens bevisst bortvalg.
	2	NEI	6. sem.	Sannsynligvis pga. lite egnet emnetilbud, skulle vært gjort bedre research (Aarhus). Skal ikke anbefale det mer.
	3	JA	6. sem.	
	4	JA	6. sem.	
	5	JA	6. sem.	
	6	JA	6. sem.	

**Sak 36/23      Nytt frå praksisutvalet**

Notat frå lektorsenteret

*Orienteringssak*

## **Notat**

**Til: Felles programstyre for lektorutdanninga**

**Møte: 14. juni 2023**

ephorte: 23/206

---

Fagleg praksiskoordinator orienterer frå førre møte i praksisutvalet, planlegging av praksisseminar i september og det pågåande arbeidet med emneplanar for praksis.

Protokoll frå førre møte er lagt ved, men med merknad om at protokollen ikkje er godkjend enno.

**UNIVERSITETET I BERGEN**  
**Lektorsenteret**  
**Praksisutvalget**

Arkivsaksnr.:2023/27

---

Møte i praksisutvalget ble holdt den 16. april klokken 1330-1530 i 2. etasje i Langes gate 1-3

---

Medlemmer: Hilde Selbervik (leder), Johan Lie (MN), Mona Langø (SV), Christian Sæle (HF), Øyvind Wiik Halvorsen (IPED), Merethe Foer (VLFK) Sigrid Thorsen Baarnes (studentrepresentant 5LU),

Observatører: Anne Sophie Krayou (SA), Aud Irene Mehammer (SA), Katrine Aske (student 5LU)

Forfall: Kristin Eikanger (Bergen kommune), Monica Håkonsli (VLFK), Pia Fasmer (PPU-student)

Sekretær: Hege Ekeland

**SAKSLISTE:**

<b>I</b>	<b>23/27</b>	<b>GODKJENNING AV SAKSLISTE</b>
<b>II</b>	<b>22/27</b>	<b>GODKJENNING AV REFERAT</b>  Referatet ble godkjent
<b>III</b>		<b>ORIENTERINGSSAKER</b>  <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Det holdes heldagssamling om profesjonseminene den 6. juni. Hilde Selbervik har fått 20 minutter til å legge frem tanker om praksis i ny modell. Det skal holdes en egen samling om praksis tidlig høst</li> <li>2. Skoleturné. I forbindelse med nye partnerskoleavtaler har vi forsøkt å rekruttere flere ungdomsskoler til å underskrive avtale. Vi har invitert oss selv til åtte skoler, og to skoler ønsket oss velkommen. Per nå har ingen av disse signert avtale, men vi håper at de ønsker å knytte seg til UiB.</li> <li>3. Koordinatorsamlingen den 5. mai ble avlyst. Vi ønsker å sette den opp igjen med samme program til høsten. Lektorsenteret vil undersøke litt om hvilke datoer som kan fungere, og sende ut forslag til praksisutvalget. I utgangspunktet tenkte vi 19.- eller 26. september, men det er tett på forskningsdagen, så kanskje disse dagene likevel ikke er så aktuelle.</li> </ol>

<p><b>Sak 04/23</b></p>	<p><b>22/2397</b></p>	<p><b>Mandat for arbeidet med praksisordninger i ny modell</b></p> <p>Vi har nå mottatt mandat for arbeidet med nye praksisordninger i ny modell. Vi foreslår at det ikke nedsettes en ny arbeidsgruppe, men at praksisutvalget utgjør arbeidsgruppen. Årsaken er at utvalget er bredt sammensatt av representanter som har den kompetansen en arbeidsgruppe bør inneha. I tillegg vil de fire partnerskapsstillingene brukes inn i arbeidet. De har mulighet for å drive utredningsarbeid i sine 25 % stillinger, og forslagene deres vil presenteres i praksisutvalget for innspill.</p> <p>Mandatet var sendt ut i forkant av møtet, og det var få innspill eller spørsmål til dette. Det ble påpekt at det er viktig at profesjonsdagene omtales som dette, og ikke som campusbasert praksis, da dagene ikke nødvendigvis skal gjennomføres på campus. Det ble kort diskutert hva som ligger i formuleringen at vi skal sikre at «praksisopplæring omfatter meir enn klasseromsundervisning».</p> <p>Representantene fra MN og SV benyttet anledningen til å påpeke at de ikke ønsker at alle profesjonsdagene skal være felles. Dette er viktige innspill i den videre prosessen. Innspillet må veies mot signalene om at dagene skal ha felles profesjons- og praksisrettet faglig innhold. Et argument for at dagene ikke skal være felles er at det blir mye logistikk, store rombehov og kompliserte kollisjonsmatriser som delvis kan unngås dersom fakultetene får ansvar for å gjennomføre fagvise profesjonsdager. Det går derfor an å tenke seg at enkelte dager ikke er felles for alle studenter.</p> <p>Det ble poengtert at best mulig faglig utbytte og best mulig praksis er overordnet mål for profesjonsdagene – uavhengig av organisering. Det er også mulig å se for seg at noen av profesjonsdagene har en felles innledning, før man deler studentene i grupper der de ulike fagene får mulighet til å belyse temaet utfra faglig ståsted.</p> <p><b>Emnebeskrivelser og profesjonsdager</b></p> <p>Hilde Selbervik og Merethe Foer presenterte arbeidet som er gjort så langt med nye emnebeskrivelser og ideer til temaer for profesjonsdagene. Arbeidet med emnebeskrivelser har basert seg på rammeplan, nasjonale retningslinjer, eksisterende emnebeskrivelser og ulike evalueringer. I arbeidet med profesjonsdagene er innspillene fra gruppearbeidet på lektorutdanningskonferansen på Solstrand også tatt inn. Det ble understreket at hensikten med å presentere skisser for arbeidet var for å ha noe konkret å diskutere utfra – forslagene er utkast, og kan endres på.</p> <p>Økt kvalitet i praksis</p> <p>I det videre arbeidet er det en målsetning å få bedre sammenheng, kvalitet og progresjon i praksis, også når det gjelder de ti profesjonsdagene.</p>
-------------------------	-----------------------	---

	<p>En måte å sikre progresjon på er at studentene får en gradvis innføring, og økende krav til at de skal kunne jobbe selvstendig. For å få til dette er det viktig at emnebeskrivelsene kommuniserer med både studentene og skolene – hver praksisperiode må ha synlige, konkrete og realistiske mål. Det er også viktig å utvikle et system som bidrar til at studentene og skolene kan følge opp studentenes progresjon, og her er den planlagte praksismappen en viktig brikke.</p> <p>Noen av formuleringene fra de eksisterende emnebeskrivelsene er vanskelig å få has på. Det er lange setninger som er åpen for tolkning, og som kan gjøre det vanskelig med tanke på vurdering av praksis. I en langpraksisperiode er det normalt over 200 praksisveiledere som benyttes, og det gjør det viktig å ha klare mål for praksis, som er lett å bryte ned til en arbeidshverdag i praksis.</p> <p>UiB må hjelpe veilederne, også med tanke på «språket» i emnebeskrivelsene og i forbindelse med kobling mellom teori og praksis.</p> <p>Utarbeidelse av emnebeskrivelser er komplisert. Det er mange perspektiver som skal inn i en kort tekst, og denne skal kommunisere med både faglige, studenter og veiledere. Å omtale teori er vanskelig ettersom studentene har mange ulike fag. En emnebeskrivelse er et juridisk dokument, men den skal også kommunisere til relevante parter. Dette gjør sjangeren vanskelig.</p> <p>Det er også viktig at studentene må begrunne hva de gjør i praksis. Valgene de tar i undervisningssituasjon er bygget på både teori og praksis, og det å måtte begrunne valgene sine gir studentene rom til å vise faglighet, og er en måte å knytte teori opp mot praksis.</p> <p>Generelt fra diskusjonen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Praksis i 1. semester er utfordrende fordi studentene er ferske som lektorstudenter. Det blir fort mye med 10 observasjonsdager, men de kan gis oppgaver som trener dem på oppmerksomhet og på refleksjon. Gode oppgaver fra UiB kan sikre dette.</li> <li>• Praksis i 8. semester bør starte litt tidligere på våren, slik at praksis er ferdig innen påske. Dette er et ønske fra skolene. Et motargument er at det kun er didaktikk i 3. semester og i 8. semester i fag 1, og tidlig start gjør at studentene derfor har lite didaktikkundervisning før praksis. Det var tidligere snakk om at det skulle være seminarer for å oppfriske didaktikk i langpraksissemestrene. Det må undersøkes om det fortsatt er en mulighet.</li> <li>• Kortpraksis- 3. semester. Uke 38 benyttes ofte til heldagsprøver. Det begrenser antall dager studentene kan ha ansvar for læringsaktivitet.</li> <li>• Det ble kort diskutert om man kan innlemme praksis i andre emner for å slippe å lage egne emnebeskrivelser for praksis, og snarere formulere læringsmål og krav i et eget skriv til studenter og veiledere. Et problem med dette forslaget er at det er vanskelig å vurdere langpraksis dersom det ikke er et eget emne med læringsmål.</li> <li>• Praksismappene kan hjelpe med å vise veiledere hva som praksis skal handle om. Kommunikasjon mellom UiB og skolene vil likevel fortsette å være utfordrende, så mappen må ha konsise formuleringer og ikke være så omfattende at den ikke blir brukt av veilederne.</li> </ul>
--	---



		<p><b>10 profesjonsdager</b></p> <p>De ti dagene skal være praksisnære, være av høy kvalitet og de bør bidra til synergieffekt. Dagene skal dekke felt som studentene ikke nødvendigvis møter på systematisk måte i praksis og i didaktikken/pedagogikken. En utfordring for organiseringen av de ti dagene er imidlertid ansvar og økonomi. Det er tenkt at dagene skal være av mer praktisk art, og ikke være teoretiske foredrag. Case, video og rollespill kan være virkemidler.</p> <p>Utvalget fikk presentert noen forslag til innhold i profesjonsdagene, og disse ble godt mottatt. Det ble blant annet pekt på at det var god bredde i forslagene. Blant forslagene var «lærer-juss», skolen som organisasjon, lærerens rolle i skolen og kollegiet, §9a, vurdering og stemmebruk.</p> <p>Det kom også forslag om å ruste studentene til å være autonome i en skole som er politikerstyrt. Studentene bør lære å ha et kritisk blikk på skole og utdanningspolitikk.</p> <p>Forslag til vedtak</p> <p>Mandatet tas til etterretning, og praksisutvalget fungerer som arbeidsgruppe for oppgavene som er listet opp i mandatet. Ved behov vil det opprettes undergrupper som jobber med konkrete oppgaver og rapporterer til praksisutvalget. I møtet 13. juni må det settes opp en møteplan for å sikre at vi møter sentrale frister i arbeidet.</p>
<b>Sak 05/23</b>	<b>13/1982</b>	<p><b>Evaluering av PPUPRA102 og LAPRA102 våren 2023</b></p> <p>Saken ble utsatt til neste møte.</p>
		<b>Eventuelt</b>

Hilde Selbervik  
Leder

Hege Ekeland  
Sekretær

**Sak 37/23      Rekruttering i lektorutdanninga ved UiB**

Notat frå lektorsenteret

*Orienteringssak*

## Notat

**Til: Felles programstyre for lektorutdanninga**  
**Møte: 14. juni 2023**

ephorte: 23/206

---

### *Studentambassadør*

I slutten av april lyste lektorsenteret ut stilling som studentambassadør for lektorutdanninga, eit engasjement på 6 mnd i 12%. Stillinga er knytt til lektorsenteret men vil få opplæring i dei kommunikasjonsfaglege sidene av jobben ved Kommunikasjonsavdelinga (KA) ved UiB og inngå i eit team med andre studentambassadørar som arbeider for UiB.

Føremål med stillinga er å fremje lektorutdanninga gjennom bl.a. desse arbeidsoppgåvene

- Planlegge og produsere innhald til sosiale medium, som Instagram, Snapchat og Tiktok
- Ta foto og video til bruk i sosiale medium og/eller nettsider
- Representere lektorutdanninga i ulike settingar slik som skulebesøk, Universitetsturneen, andre arrangement og andre formidlingsoppgåver
- Andre arbeidsoppgåver slik som møteverksemd, videoinnspelningar og kampanjearbeid

Stillinga fekk 6 søkarar og 3 blei invitert til intervju. Personen som blei innstilt som nr. 1 og sa ja til stillinga er ein kvinneleg tredje års student på lektorprogrammet i historie og religion. Ho vil starte i jobben i veke 24 i team-møte med dei andre studentambassadørane på KA.

### *Nettsider*

Lektorsenteret vil halde fram med å jobbe med rekrutteringssidene til lektorutdanninga. Bl.a. er det ynskjeleg å kontakte tidlegare lektorstudentar som no jobbar i skulen for korte intervju som kan publiserast på nettsidene, både skriftlege og via film.